



**Frivilling vern av skog - høyring av verneplan - Vestfjellet og Svartejuv naturreservat**

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Møtedato</b>
	Utval for plan og utvikling	

**Kommunedirektøren si innstilling:**

Hjarthdal kommune har ingen merknader til høyringa av verneplan - Vestfjellet og Svartejuv naturreservat.

## **Samandrag:**

Statsforvalteren i Vestfold og Telemark har sendt på høyring verneplan med forslag til verneforskrift for frivillig vern av skog – Vestfjellet og Svartejuv naturreservat. Sjå kart som visar vernegrense.

Hjartdal kommune har ingen egne eigendomar innanfor vernegrensa.

## **Saksopplysningar:**

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark sendte 14. mars 2024 ut på høyring verneplan med forslag til verneforskrift for frivillig vern av skog – Vestfjellet og Svartejuv naturreservat. Det er lagt ved kart som visar vernegrense.

Området har kome inn som tilbod frå private grunneigarar i juli 2019. Oppstart på verneprosess for dette området vart sendt ut 29. oktober 2021. Statsforvaltaren fekk mange utsegner til denne oppstartsmeldinga. Desse kjem fram av høyringsdokumentet.

Arealet på verneforslaget er på ca. 5011 dekar. Verneplanen sitt omfang er vurdert til å ha nasjonal verneverdigheit.

Føremålet med høyringa er å få fram opplysningar om interesser som kan bli påverka av det planlagde verneforslaget. Statsforvaltaren ber høyringsinstansane spesielt om opplysningar om kulturminne, eldre gruver/gruveopningar, hytter, stølar, seterbuar, jaktbuar, stiar, hestesleper, traktorveggar og anna som bør vere kjend i området.

## **Vurdering:**

Saka gjeld oppretting av Vestfjellet og Svartejuv naturreservat gjennom frivillig vern av skog.

Hjartdal kommune har ingen egne eigendomar eller andre interesser innanfor vernegrensa.

Den informasjonen som statsforvaltaren etterspør i høyringa sit ikkje kommunen på. Grunneigarane er òg høyringspart og sit på den mest detaljerte informasjonen.

Ut frå dette rår kommunedirektøren til at Hjartdal kommune tek saka til orientering utan merknadar.

Kommunedirektøren ser det ikkje som viktig å ha forvaltningsstyresmakt i eit det framtidige verneområde. Det krev ekstra ressursar som må takast over eget budsjett. Samtidig må kommunen forholde seg til same lovverk og verneforskrift som andre forvaltningsmyndigheitar må, til dømes naturmangfaldlova.

## **Konklusjon:**

Kommunedirektøren si innstilling:

Hjartdal kommune har ingen merknadar til høyringa av verneplan – Vestfjellet og Svartejuv naturreservat.

Vedlegg:

- 1 Frivillig\_vern\_av\_skog\_-\_  
\_høring\_av\_verneplan\_for\_Vestfjellet\_og\_Svartejuv\_naturreservat\_i\_Hjartdal
- 2 Høyringsdokument\_Vestfjellet\_og\_Svartejuv\_\_Hjartdal
- 3 Vestfjellet\_og\_Svartejuv\_A3L\_mars2024\_KART\_Høyring